



**Utvalg:** Kontrollutvalet i Stord kommune  
**Møtestad:** Kommunestyresalen og formannskapssalen, Stord rådhus  
**Dato:** 18.04.2018  
**Tidspunkt:** 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det **bli gjeve nærmare beskjed.**

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

### Tidsplan:

- Kl. 14.00 Kurs om samfunnsansvar og antikorrupsjon (kommunestyresalen)
- Kl. 16.00 Det ordinære kontrollutvalsmøtet startar (formannskapssalen)
- Kl. 16.05 Representant frå administrasjonen orienterer om personvern (GDPR).
- Kl. 16.30 Sakshandsaming held fram

Fredrik Litleskare  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
PS 14/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 15/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 16/18	Administrasjonen orienterar om ny personvernlov		2018/19
PS 17/18	Årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Stord kommune		2016/85
PS 18/18	Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar - status i arbeidet		2017/17
PS 19/18	Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - status i arbeidet		2017/108
PS 20/18	Revisjon vedr. eigedomen Evjestrand - oppfølging av vedtak i KST i sak PS 69/16		2016/80
PS 21/18	Høyringsutkast - kva kan ein forventa av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet		2016/2
PS 22/18	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 23/18	Referatsaker		
RS 8/18	Pressemelding KMD - En ny og moderne kommunelov		2015/1
RS 9/18	Innkalling til representantskapsmøte i Samarbeidsrådet 2018		2015/197
RS 10/18	Fylkesmannen - tilsyn med Stord kommune - helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV		2014/298
PS 24/18	Eventuelt		2016/91

**PS 14/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 15/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 064  
Arkivnr: 2018/19-5  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	16/18	18.04.2018

## Administrasjonen orienterer om ny personvernlov

### Bakgrunn for saken:

Kontrollutvalget gjorde slikt vedtak i møte 01.03.2018:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 04.04.2018.
2. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 18.04.2018 for å orientera munnleg om saka.

Dei 7 spørsmåla det blir vist til i punkt 1 i vedtaket lyder slik:

1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?
7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?

### Drøfting:

Skriftleg svar frå rådmannen på dei 7 spørsmåla ligg ved. Slik sekretariatet ser det går det fram av svaret at kommunen har relativt god kontroll på kva utfordringar som må løysast før den nye lova trer i kraft. Det er og avtalt at nokon frå administrasjonen kjem i møtet for å orientera munnleg om saka. Rådmannen sjølv var hindra, men skulle få nokon andre til å møta.

Konklusjon:

Dersom det ikke kjem fram noko spesielt i administrasjonen si munnlege orientering, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg og munnleg orientering om korleis tilpassing til ny personvernlov har gått, etter at denne har tredd i kraft.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med skriftlig og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått, i møte i utvalet 10.09.2018.
2. Det vert bede om skriftleg orientering, sendt til sekretariatet, innan 21.08.2018.
3. Informasjonen blir elles teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Svar frå Stord kommune - generelle spørsmål om informasjonstryggleik
- 2 Stord kommune - oversikt personopplysningsregister

Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet  
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 13.03.2018  
Vår ref: 2015/3423 - 6341/2018 / 033  
Dykkar ref:

## Svar - Generelle spørsmål om informasjonstryggleik

Viser til sak PS 5/18- Ny personvernlov frå 2018-konsekvensar for kommunane- i Kontrollutvalet i møte 1. mars der følgjande vedtak vart fatta:

- 1. Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svara skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 04.04.2018.*
- 2. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 18.04.2018 for å orientera munnleg om saka.*

- 1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?*
- 2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?*
- 3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?*
- 4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?*
- 5. Er personvernerklæringa oppdatert?*
- 6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?*
- 7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?*

### **Ad 1: Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?**

Ei arbeidsgruppa som består av tryggleiksansvarleg, IKT leiar og controller, arbeider særskilt med å få implementert GDPR i eksisterande informasjonstryggleiksprosedyrar.

GDPR: General Data Protection Regulation vart vedteke i april 2016. EU si nye personvernforordning, GDPR, vert norsk lov, truleg frå 25. mai 2018. Dette skjer ved at forordninga vert inkorporert i norsk lovgjeving, det vil sei at det vert vedteke ei ny personopplysningslov som gjer forordninga sine reglar til norsk lov. Forordninga og den nye personopplysningslova erstattar personopplysningslova som me har i dag, med forskrift.

Hovudføremålet med forordninga og den nye personopplysningslova, er å ivareta personvernet til den enkelte ved elektronisk behandling av personopplysningar. Dette er også hovudføremålet med gjeldande personvernopplysningslov. Når det gjeld forordninga, er det også eit viktig føremål å oppnå større grad av likskap i korleis reglar om behandling av personopplysningar skal forståast og praktiserast på tvers av EU/EØS-land.

Elles er arbeidet med informasjonstryggleiken organisert slik:

Rådmannen har ansvar for styring av arbeidet med informasjonstryggleiken. I dette inngår m.a. å fastsette akseptert risikonivå gjennom ROS-analyse, fastsette tryggleiksmål, tryggleiksstrategiar og organisering. Rådmannen skal sikre eit balansert nivå på tiltak i høve til den risiko og dei

rammer kommunen står ovanfor. Rådmannen delegerer overordna operativt ansvar for informasjonstryggleiken til ein medarbeidar i kommunen (tryggleiksansvarleg).

Tryggleiksansvarleg har ansvar for å kontrollere arbeidet med informasjonstryggleik i kommunen og skal leia tryggleiksforum. Tryggleiksansvarleg skal ikkje vera same person som har ansvar for drift av informasjonssystemet.

I tillegg til tryggleiksansvarleg skal rådmannen peika ut eit tryggleiksforum som skal vera sett saman av:

- ein representant frå personalgruppa
- to representantar frå fagavdelingane
- ein representantar frå RHO
- IKT-leiar
- Tryggleiksansvarleg
- Personvernombod

Tryggleiksforum skal utarbeida kommunen sin tryggleikspolitikk og sørgja for samsvar mellom prosedyrar og tryggleikspolitikken. Tryggleiksforum skal revidera og godkjenna tiltak for å kontrollera at eventuelle tryggleiksbrot ikkje skjer igjen, samt setja fokus på vesentlege truslar mot kommunen sine informasjonssystem. Tryggleiksforum skal vera diskusjonsforum i spørsmål som gjeld personvern og informasjonstryggleik, og investeringar i tryggleikstiltak.

IKT-leiar har det gjennomførande ansvar for at verktøy (utstyr og programvare) for informasjonshandsaming og kommunikasjon fungerer til ei kvar tid.

Einingsleiarane har ansvar for at all informasjonshandsaming i si eining går føre seg etter gjeldande lovar og prosedyrar. Opplæring av tilsette er ein viktig del av datatryggleiken. Det er einingsleiar som skal sørgja for at medarbeidarane får opplæring, har forståing for og utviklar gode haldningar for datatryggleik. Einingsleiar rapporterer til tryggleiksansvarleg eller IKT-leiar alt etter kva saka gjeld.

Personvernombod som vert etablert i mai, vil også arbeida med informasjonstryggleiksarbeid, herunder også implementering av ny personvernlov. Personvernombodet skal på ein uavhengig måte, vurdere om behandlingsansvarleg overheld reglane i personopplysningslova.

Alle som arbeider med informasjonstryggleik er ansvarleg for å halde seg oppdatert på nytt regelverk, herunder jobbe med ny personvernlov. Dette er ikkje unikt for informasjonstryggleiksarbeid, men gjeld for alle internkontrollområde.

### **Ad 2: Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?**

Det er laga ein protokoll i form av eit persopplysningsregister. Dette ligg i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo, [sjå vedlegg 1](#). Compilo er i ferd med å utvikla eit eige protokollsystem, som vil bidra til at ein gjennomfører ein mini risiko- og sårbarheitsanalyse for kvart enkelt system der personopplysningar vert handsama elektronisk. Det vil då i så fall bli ein protokoll pr. system. Tryggleiksforum vil ta stilling til om kommunen bør kjøpe Compilo sitt protokollsystemet.

### **Ad 3: Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?**

Det er etablert databehandlaravtalar på nokre av våre system. Andre system har ikkje slike avtalar, men dette er eit prioritert arbeidsområde frametter.

Ephorte er eit sentralt sak- og arkivsystem for handsaming av personopplysningar. I samband med oppgradering frå ePhorte til Elements, held Bømlo kommune på med å utarbeida eit utkast til databehandlaravtale. Det vert lagt til grunn at ein slik avtale vil vera klar til signering ila våren.

Fleire av våre datasystem som inneheld personopplysningar køyrer i eige serverrom, og det er såleis ikkje naudsynt med ein databehandlaravtale. Dette gjeld blant anna journalsystemet for RHO (Visma Omsorg Profil) og systemet for helsestasjonane (Visma HSpro).

#### **Ad 4: Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?**

Ordninga med personvernombod er lagt til stilling som nettredaktør/politisk møtesekretær i Fellestenester. Ordninga trer i kraft frå 01.05.18 og vert dermed etablert innan budsjetterte rammer i Fellestenester. Lauksund vil få opplæring i informasjonstryggleik, herunder i GDPR, i tre dagar med KS og KINS (Foreningen kommunal informasjonssikkerhet) i løpet av våren 2018 og før ordninga trer i kraft.

#### **Ad 5: Er personvernerklæringa oppdatert?**

Når ein person samtykker til at personopplysningar vert registrert, følgjer det med ei informasjonsplikt jf. [personopplysningsloven § 19](#). Denne informasjonsplikta vert søkt ivareteke i søknadsskjema og tilhøyrande personvernerklæringar.

For tenester innan rehabilitering, helse og omsorgstenestene er det føresett at ein må innhenta og handsama personopplysningar for å kunne oppfylle ei rettsleg plikt etter [personopplysningslova § 8, bokstav b](#)). Helseerettslege plikter er gjerne omtalt i særlover. Desse særlovene går føre personopplysningslova. Det inneber i så fall at desse lovene må følgjast. Sjå [helseregisterloven § 6, 2 ledd](#) der det står at «*Behandling av helseopplysninger krever den registrertes samtykke, dersom ikke annet har hjemmel i lov.*»

Kravet til at samtykket skal vera uttrykkeleg kan i visse tilfelle bli oppfylt ved det vi kallar "konkludent åtferd". Det vil seie at vala brukaren tek, indikerer at brukaren forstår at opplysningar om brukaren vil bli registrerte. Eit døme på dette er når brukaren søkjer om ei teneste. Då reknar vi med at brukaren er innforstått med at institusjonen har plikt til å dokumentere den helsehjelpa som vert gjeve. For å vera på den sikre sida vil samtykkekravet verta inkludert i søknadsskjema om kommunale helsetenester. Søkjar vil då stadfesta med underskrift på søknadsskjema at han/ho samtykker til elektronisk registrering av opplysningane.

For skule sin del er det føresett at ein må ha personopplysningar for å kunne oppfylle ei rettsleg plikt etter [personopplysningslova § 8, bokstav b](#)). Opplæringslova gjev ikkje nokon særreglar om dette. Her treng ein såleis ikkje innhente samtykke. Det same gjeld for barnevernet.

Men når det gjeld frivillige tenester som barnehage, SFO og kulturskule er det ikkje same grunnlag for å nytte [bokstav b](#)). [Søkjar må aktivt samtykke til at kommunen handsamar personopplysningane elektronisk](#). Slikt samtykke er difor implementert i det elektroniske søknadsskjemaet om plass. Her finn ein også personvernerklæringane. [Sjå også Stord kommune si heimeside](#).

Førebels har ikkje Stord kommune på plass personvernerklæringar på alle tenesteområde, men dette vil prioritert frametter.

Elles finn ein personvernerklæring for [Minsak.no](#), på kommunen sine heimesider. Minsak.no er ein nettstad for innsamling av underskrifter etter [Kommuneloven § 39a](#) som på visse vilkår, gjev innbyggjarane ein rett til å få ei sak eller eit forslag opp i kommunestyret dersom ein forslagstillar greier å samla nok underskrifter.

#### **Ad 6: Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?**

Datasystema er m.a. bygd opp slik at det kan leggast inn tilgangsstyringar. Dette inneber at tilgang til personopplysningar vert avgrensa, slik at berre tilsette med tenestelege behov får tilgang.

Det er også lagt opp til at dokument som inneheld personopplysningar vert graderte, slik at berre autorisert sakshandsamar kan sjå innhaldet i dokumentet. Også tittel på dokument og/eller saksmappe kan skjermast.

Vidare er det innan helse- og omsorg, logg på kven som gjer oppslag i journalar. Dette inneber at den som skal inn å gjera oppslag i ein journal må grunngje i loggen kva årsaka er til oppslaget, og samtlege oppslag kan sporast og tidfestast i ettertid.

**Svar på spørsmål 7: Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?**

Stord kommune gjennomførte ein slik test i 2007. Sidan den gang har me fått fleire tilbod om slik, men har ikkje kunna prioritert dette.

Med helsing

Magnus Mjør  
Rådmann

Iren Dyrseth  
controller

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Vedlegg

1 Oversikt personopplysningsregister





Stord / Informasjonstryggleik IKT / Behandling av personopplysningar / Informasjonstryggleik (Personalf., fysisk, dokument-, og systemteknisk tryggleik)

## Informasjonstryggleik: Oversikt personopplysningsregister

ID: 19272027 Forfatter: Østrem, Giske Godkjert av: IKT-eininga, Einingsklar (Østrem, Giske) Status: publisert Oppretta: 3.6.2014  
Neste revisjon: 01.10.2018 (IKT-eininga, Einingsklar (Østrem, Giske)) Endringsnivå: Revisjon Utgåve: 10 / Løsningsledd: 15610272027 Sist endret: 6.9.2017 Revidert: 6.9.2017

### Føremål

Kommunen skal ha ei fullstendig oversikt over system som inneheld personopplysningar.

Opplysningane i desse systema skal sikrast for å hindre tap av liv, helse, økonomiske.

### Ansvar for utføring av prosedyra

IKT

### Ansvar for at prosedyra er rett og kjend for dei tilsette

Tryggleiksansvarleg

### Aktivitet/skiltring

Oversikt over data som vert handsama, og kva system ein nyttar til handsaming:

Område	Hjemmel	Klassifikasjon	Melding / konesjon / unntak	Sikringstiltak	Omfang	Lagring og kommunikasjon	Behandlingsansvarlig	Kilde for innhenting
<b>Helsestasjonen</b>  <b>Visma HsPro</b>  Helsekort informasjon om born. Helseopplysningar til statistikk, helseanalyser, kvalitetsforbedring, planlegging, styring og beredskap i helse- og omsorgstjenesten.	Helseregisterloven § 6, if. § 3  Hovudregel er samtykke, men unntak kan tenkjast i t.d.:  Personopplysningslova § 8, 1 ledd a) og c)	Sensitive personopplysningar	Meldeplikt	Sikra Sone	ca 1600 klientar  SPOR Hanne Robbestad	Felles datarom  VLAN	Einingsleiar Sosial og forebyggjande tenester	Føresette, helsesostre, lege, skule og brukarar (elevar).
<b>Sosial</b>  <b>Visma Velferd</b>  Søknader om sosialstøtte, saksbehandling og vedtak registreres, postjournal, rapporter	Personopplysningslova § 8, 1 ledd b) og sosialtjenestelov § 43	Sensitive personopplysningar	Meldeplikt	Sikra Sone	ca 1800 klientar	Felles datarom  VLAN	Einingsleiar NAV	Lege, brukarane, psykolog, sakshandsamarar NAV m.fl.
<b>Omsorg</b>  <b>Visma Profil</b>  Pasient data om tiltak, arbeidsplaner heimeteneste, medisiner, fakturering, Tenester, postjournal pasienter, fysisk behandling, pasientjournal, meldingar/kommunikasjon mot lege og helseforetak.  Forvaltning av pasienters pengar	Helseregisterloven § 6, if. § 3  Hovudregel er samtykke, men unntak kan tenkjast i t.d.:  Personopplysningslova § 8, 1 ledd a) b) eller c)  Samtykke må søkjast innhenta i søknadskjema om teneste.	Sensitive personopplysningar	Meldeplikt	Sikra sone	ca 2000 klienter	Felles datarom VLAN WLAN kryptert MDA (Telenor)	Einingsleiarar: Heimebaserte tenester, Tildelingskontoret  Aktivitet og rehab.  Eining for Habilitering  Sosial og forebyggjande tenester  Stord sjukeheim og Knudsåsen	Brukarane, lege, sjukepleiarar, pårørende m.fl.
<b>System for tilsett/ personalregister</b>  <b>Unit4 Business World (Agresso)</b>  Lønnsopplysningar, trekk, barnebidrag, fagforeningskontingent  Lønnsforhandlingar, datafangst, sjukemeldingar, tilsettingsprosessar  Rekruttering  Kompetanse  Pårørende	Personopplysningslova § 8, 1 ledd a)	Personopplysningar	Meldeplikt	Open sone	ca 2600	Felles datarom	Personalsjef	Tilsette, personaleininga.

<p><b>Okonomi</b></p> <p><b>Unit4 Business World (Agresso)</b></p> <p>Hovedbok, reskontroer, bilag, inngående faktura</p>	<p><u>Personopplysningsloven § 8, 1 leidd a)</u></p>	<p>Personopplysningar</p>	<p>Meldeplikt</p>	<p>Open sone</p>		<p>Felles datarom</p>	<p>Okonomisjef</p>	
<p><b>Fakturasystem</b></p> <p><b>Unit4 Business World (Agresso)</b></p> <p>Kunderegister, tenester-/vareregister, tar inn fakturaunderlag fra fagsystemer. Generer fakturaer og oppdaterer kundereskontoen i økonomisystemet.</p> <p>Fakturahandsaming</p> <p>Behandling av innkomne fakturaer</p> <p>Attesting</p> <p>Kontering</p> <p>Tilvising</p>	<p><u>Personopplysningsloven § 8, 1 leidd a)</u></p>	<p>Personopplysningar</p>	<p>Meldeplikt</p>	<p>Open sone</p>	<p>ca 2600</p>	<p>Felles datarom</p>	<p>Okonomisjef</p>	<p>Rekneskapsavdeling</p>
<p><b>Barnhage og SFO</b></p> <p><b>IST Hypernet</b></p> <p>Opptak barnhage og SFO</p> <p>Barn-mor-far-samboer - personnummer.</p> <p>Gir rapport som videresendes til utsjekk mot kontantstøtte.</p> <p>For andre tema er samtykke påkrevd ved elektronisk handsaming av personopplysningar. Samtykke vert innhenta i det elektroniske søknadskjemaet.</p>	<p><u>Barnhageeloven § 8, 4 leidd</u></p> <p>Elles er samtykke påkrevd</p>	<p>Personopplysningar</p>	<p>Meldeplikt</p>	<p>Https</p>	<p>ca 3000 personer</p>	<p>Leverandor (SaaS)</p>	<p>Kommunalsjef Oppvekst</p>	<p>Foresette, skule, barnhage</p>
<p><b>Sakshandsaming/ arkiv</b></p> <p><b>ePhorte</b></p> <p>Sakshandsaming, postliste og saker til kommunestyre.</p>	<p><u>Arkivlova § 6</u></p> <p><u>Personopplysningslova § 8, 1 leidd c)</u></p>	<p>Personopplysningar</p>	<p>Meldeplikt</p>	<p>Open sone</p>		<p>Leverandor (Bomlo kommune)</p>	<p>Arkivansvarleg</p>	<p>Innbyggjarar, sokjarar, sakshandsamarar.</p>
<p><b>Budsjettering</b></p> <p><b>Unit4 Business World (Agresso) og Arena Norge</b></p> <p>Budsjett og langtidsplanlegging</p>	<p><u>Personopplysningslova § 8, 1 leidd a)</u></p>	<p>Personopplysningar</p>	<p>Meldeplikt</p>	<p>Open sone Https</p>		<p>Felles datarom og Saas (leverandor)</p>	<p>Okonomisjef</p>	<p>Tilsette/ okonomi/ einingsleiarar</p>
<p><b>Flyktning</b></p> <p><b>Visma Velferd Flyktning</b></p> <p>Naudsymte personopplysningar for hansaming av enkeltsaker om introduksjonsprogram, opplæring i norsk og samfunnskunnskap, norskopplæring for asylsokjarar, busetting</p>	<p>Samtykke er hovudregelen. Men unntak kan tenkjast jf. <u>Introduksjonsloven § 25, 2 leidd</u> og <u>Personopplysningslova § 8, 1 leidd b)</u></p>	<p>Sensitive personopplysningar</p>	<p>Meldeplikt</p>	<p>Sikra sone</p>	<p>ca 500</p>	<p>Felles datarom VLAN</p>	<p>Einingsleiar NAV kommune</p>	<p>Brucar, tilsette, Udi?</p>

av innvandrere og tilhørende tilskot.								
<b>Barnevern</b> Visma Familia Klientliste, vedtak	<u>Barnevernlova § 6-4</u>	Sensitive personopplysningar	Meldeplikt	Sikra sone	ca 300	Felles datarom, VLAN	Einingsleiar barnevern	Sakshandsamar, føresette, born og ungdom, helsetenesta m.fl.
<b>Sosial og førebyggjande</b> SOMA Dokumentasjon av helserelaterte opplysningar, ressursstyring, rapportar	<u>Sosialtjenesteloven § 43 og Personopplysningslova § 8</u>	Sensitive personopplysningar	Meldeplikt	Sikra sone	ca 1000	Felles datarom, VLAN	Einingsleiar Sosial og førebyggjande	Brukarar, Utekontakt, hjelpetenesta/helsetenesta (tverrfagleg)
<b>Sosial og førebyggjande</b> SAMPRO	<u>Sosialtjenesteloven § 43 og Personopplysningslova § 8</u>	Sensitive personopplysningar	Meldeplikt	Https		Leverandør (Saas)	Einingsleiar Sosial og førebyggjande	
<b>Skule/ oppvekst</b> CX Stafettloggen CX VOKAL CX Puls Visma PPI (PPT)	<u>Personopplysningslova § 8, 1 ledd b)</u>	Sensitive personopplysningar	Meldeplikt	Https		Leverandør (Saas)	Kommunalsjef skule/ oppvekst	
<b>Skule/ oppvekst</b> Wis skule Eleveregister, register over føresette Tilsettregister i skule	<u>Personopplysningslova § 8, 1 ledd b)</u>	Personopplysningar	Meldeplikt	Open Sone		Felles datarom	Kommunalsjef skule/ oppvekst.	
<b>Kulturskule</b> Opptakssystem for Kulturskule	Samtykke er påkrevd. Må gjerast elektronisk i samband med søknad.	Personopplysningar	Meldeplikt	HTTPS		Leverandør (Saas)	Einingsleiar Kulturskule	Innbyggjarar/ føresette til born i Kulturskulen.
Program for oversikt over- og handsaming av ilagte parkeringsgebyr i Stord kommune (Mobility Workspace)	<u>Personopplysningslova § 8, 1 ledd e)</u>	Personopplysningar, ikkje sensitivt	Meldeplikt	Https		Leverandør (Saas)	Leiar Veg, trafikk og parkering	Innbyggjarane/ kundar

## Bilete og illustrasjonar

o bilete knytt til

## Vedlegg

Informasjonstryggleik: Meldenlikt av register til Datatilsynet  
Informasjonstryggleik: Oversikt over systemansvarlege

## Kompetanse

## Hjemmel

Om meldenlikt i Lov om behandling av personopplysningar ("personopplysningslova")

## Referansar

## Utstyr





Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 004  
Arkivnr: 2016/85-9  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	17/18	18.04.2018

## Årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Stord kommune

### Samandrag

Sekretariatet har utarbeidd forslag til utvalet si årsmelding for 2017. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatata av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

### Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

### Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2017.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

1 Årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Stord kommune



# ÅRSMELDING 2017

## FOR KONTROLLUTVALET

I

## STORD KOMMUNE



Foto: Hogne Haktorson

## 1 **Føremål og oppgaver for kontrollutvalet**

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

## 2 **Samansetjing av kontrollutvalet**

Kontrollutvalet for perioden 2015 – 2019 har hatt ein ekstraordinær start når det gjeld samansetnad, med val av kontrollutval fem gonger på det første halvanna året av fireårsperioden, men samansetnaden har vore stabil siste året.

### **Medlemmar i 2017:**

Fredrik Litleskare (H)	leiar, og kommunestyremedlem
Peggy Husevik Bærøy (V)	Nestleiar.
Odd Ståle Larsen (Frp)	medlem
Anna Herborg Førland Ap)	medlem
Tarjei Haga (Ap)	medlem

## 3 **Om verksemda til kontrollutvalet i 2017**

- Kontrollutvalet i Stord kommune hadde 5 møter i 2017 og handsama 51 saker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vorte innkalla.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

## 4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 77 pkt.10 står det at kommunestyret skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

*Utdrag frå § 20 i Forskrift om kontrollutvalg - «Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget har sekretærbistand som til enhver tid tilfredstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og et utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen. Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens administrasjon.»*

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Stord kommune. Hogne Haktorson har vore sekretær på møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Samnanger, Vaksdal og Askøy. Dessutan for kontrollutvalet til Bergen kirkelige fellesråd frå august 2017.

I 2015 vedtok kommunestyret å lysa sekretariatstenester for kontrollutvalet ut på anbod. Etter anbodskonkurranse gjorde kommunestyret slikt vedtak i møte 24.11.16 (sak PS 86/16):

*«Hordaland fylkeskommune vert vald til leverandør av sekretariatsteneste for kontrollutvalet i perioden 01.01.2017 til 30.07.2020, med opsjon på ytterlegare 2år».*

## 5 Revisjonstenesta og revisjonsordninga

### Revisjonstenesta.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Stord kommune har nytta kjøp av revisjonstenester som revisjonsordning frå 01.01.2006. Revisjonsordninga vart vurdert av kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2016, og kommunen valde å halda fram med denne revisjonsordninga.

Deloitte AS var revisor for Stord kommune, i fleire avtaleperiodar, frå 01.01.2006 til 30.06.2017. Partner i Deloitte Else Holst-Larsen vart takka av, av rådmannen, på kontrollutvalet sitt junimøte. Ho mottok blomehelsing frå Stord kommune.

Kontrollutvalet har handtert konkurranse om revisjonstenester for perioden 01.07.2017 til 30.06.2021. Utvalet innstilte på KPMG, og kommunestyret engasjerte KPMG for noverande avtaleperiode.

Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid 1. halvår 2017. Så er det slik at revisjonsarbeid som er bestilt før avtaleperioden går ut, skal fullførast av «tidlegare revisor». Såleis er Deloitte framleis engasjert med å ferdigstillast forvaltningsrevisjonsrapport om prosjektstyring og oppfølging av investeringar.

*På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).*

KPMG la fram revisjonsplan for sitt revisjonsarbeid, hausten 2017. Det vart og vedteke at første bestilling av forvaltningsrevisjon i KPMG sin avtaleperiode skulle omhandla offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging.

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørane. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Else Holst-Larsen i 1. halvår av 2017, medan partner Willy Hauge i KPMG har vore ansvarleg revisor for kommunen etter det. I tråd med regelverket er eigenvurdering for at henholdsvis Deloitte og KPMG er uavhengig i høve til Stord kommune, lagt fram for kontrollutvalet.

## 6 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.** **Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

*”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”*

Deloitte AS har i 2016, på bestilling frå kontrollutvalet, leia arbeidet med analyse og plan for forvaltningsrevisjon i Stord kommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leiging involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøte, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til kommunestyret på plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i kommunestyremøte 24.11.2016 (Sak PS 84/16).

### 6.1 **Gjennomføring av prosjekt innan forvaltningsrevisjon**

Kontrollutvalet bestilte 04.04.17. **Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar.**

Av forslaget til prosjektplan står dette om føremålet:

*«Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere kommunen sine retningslinjer og rutinar for gjennomføring av investeringsprosjekt.»*

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. Har Stord kommune etablert retningslinjer og rutinar som sikrar ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling i samband med planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt?
2. Har Stord kommune tilfredsstillande retningslinjer og rutinar for prosjektstyring av investeringsprosjekt?
3. Gjennomfører Stord kommune investeringsprosjekt i samsvar med kommunale retningslinjer og anbefalt praksis for prosjektstyring?

For kvar problemstilling er det fleire underpunkt.

I bestilling av dette «2017-prosjektet» var det sett dato for ferdigstilling i 2017. Av fleire årsaker er prosjektet blitt forseinka, slik at rapporten ikkje vert klar før i april 2018.

På siste møte i 2017 kom kontrollutvalet fram til at eit «2018-prosjekt» burde vera **Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging**. Godkjenning av prosjektplan, med føremål og problemstillingar, vil bli sak i første møte i 2018.

## 6.2 Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar

Kommunestyret handsama rapport ifm. **Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta** i møte 23.06.16 (sak PS 38/16). Her vart fire oppfølgingspunkta samrøystes vedtekne.

Handlingsplan jmf. pkt. 4 vart lagt fram for kommunestyret 20.10.16. (referatsak RS 32/16), som tok denne til orientering.

Kontrollutvalet såg positivt på det arbeidet som var starta opp i samband med forvaltningsrevisjonen. På bakgrunn av at noko av forbetningsarbeidet skulle gjerast ferdig hausten 2016, og dei fleste av dei resterande tiltaka i løpet av første halvår 2017, fekk utvalet ny statusrapportering i 2017. Utvalet fatta slik vedtak i augustmøtet (sak PS 34/17):

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med utviklingsarbeidet som er gjort innan barnevernstenestene i Stord kommune, jmf. forvaltningsrevisjon av barnevernstenestene i 2016, og ønskjer administrasjonen lukke til med det vidare arbeidet innan tenesta.
2. Utvalet ber om å motta tenesteanalyse som inkluderar kapasiteten i barnevernstenesta, når denne er ferdig vinter 2018.

Med andre ord så har kontrollutvalet sagt seg nøgd med oppfølgingsarbeidet generelt sett, men utvalet vil etterspørja nemnte tenesteanalyse i 2018.

## 6.3 Notat.

Kommunestyret hadde notat om eigedomen Evjestrandskolen i møte 20.10.16. (sak PS 69/16), der det vart fatta slik vedtak:

1. Kommunestyret merkar seg revisor sine konklusjonar på dei fire problemstillingane som kontrollutvalet hadde bede dei om å sjå på.
2. Kommunestyret merkar seg og at rådmannen er usamd i tre av fire av revisjonen sine konklusjonar.
3. Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstiltfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedommar på nytt.
4. Kommunestyret syner til gjennomgangen av saka om Evjestrandskolen og konkluderer med at administrasjonen har handla i tråd med Stord kommune sine interesser i reforhandlinga av 2004-avtalen.
5. Kommunestyret ber ordføraren snarast ta initiativ til at begge partar reverserer saka kring kjøp/sal av eigedomen Evjestrandskolen, inkl. avtalen frå 2004, og slik gjenoppretter omdømme og folks tillit til Stord kommune.
6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrandskolen er mest føremålstenleg for kommunen.
7. Om konklusjon på pkt. 6 er at sal bør gjennomførast, føreset kommunestyret at denne vert handsama og dokumentert i samsvar med gjeldande regelverk.

Kontrollutvalet ba før årsskiftet 2017/2018 om skriftleg tilbakemelding, med oppsummering etter kommunestyrevedtaket i saka. Det kjem utvalet attende til i årsmeldinga for 2018.

## 7 **Arbeid med selskapskontroll.** **Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

*"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll."*

Deloitte AS har i 2016, på bestilling frå kontrollutvalet, leia arbeidet med analyse og plan for selskapskontroll i Stord kommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leiing involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøter, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til kommunestyret på plan for selskapskontroll for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i tråd med innstillinga i kommunestyremøte 24.11.2016 (Sak PS 85/16).

### **7.1 Prosjekt innan selskapskontroll, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk.**

Kontrollutvalet la sitt møte 27.11.2017 til Podlen Verkstad AS, som er heileigd av Stord kommune. Dagleg leiar Odd Stuve Rommetveit gav omvising og informasjon om verksemda. Utvalsleiar takka dagleg leiar for omvising og god informasjon.

## **8 Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Stord kommune.**

### **Rekneskap for Stord hamnestell for 2016:**

Rådmann og økonomisjef var tilstades, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet, då årsrekneskapen vart handsama i møte 16.05.17.

Rekneskapen for 2016 synte driftsinntekter på kr. 9.392.595 og eit positivt netto driftsresultat på kr. 500.216. Det gjev eit driftsresultat på 5.33 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Følgjande vedtak vart fatta:

1. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2016, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
2. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet

### **Årsrekneskap for Stord kommune for 2016:**

Kontrollutvalet handsama i møte 16.05.2017, i sak 24/17, årsrekneskapen i Stord kommune for 2016. Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte i saka og svara på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart mellom anna gjeve slik uttale til rekneskapen:

Av rekneskapen for 2016 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 27.878.892 dvs. netto resultatgrad på 2,02% (Sett opp mot sum driftsinntekter). I taloppsettet. kan det vera tal som ikkje fullt ut er samanliknbare i overgangen frå rekneskapen for 2015 til rekneskapen for 2016. Det kjem seg av at to kommunale føretak er integrert i kommunen sin rekneskap fom. 2016.

Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 4,0 % i 2016. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein frå og med 2014 bør ha netto resultatgrad på 1,75% (tidlegare 3,0%).

For Stord kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2012 (+1,74%), 2013 (+3,19%), 2014 (+0,91%), 2015 (+2,52%) og 2016 (+2,02%). Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2016 er betre enn tilrådinga frå TBU, men godt under snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Stord kommune har ei høg lånegjeld tilsvarande 102,4 % av sum driftsinntekter, altså langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande er disposisjonsfondet på 3,03 % av driftsinntektene.

Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Stord kommune ei ganske stor lånegjeld og eit disposisjonsfond under tilrådingar frå Riksrevisjonen. Driftsresultat vart derimot betre enn tilrådd av TBU for 2016, sjølv om det var noko lågare enn snitt for kommunane utanom Oslo.

I oppsummering og tilråding frå kontrollutvalet står følgjande:

- Totalt sett har Stord kommune ei ganske stor lånegjeld og eit disposisjonsfond monaleg under tilrådingar frå Riksrevisjonen, medan netto driftsresultat vart betre enn tilrådd av TBU for 2016.
- Likestilling er greitt framstilt i årsmeldinga. Forhold som gjeld etikk, rådmannen sin internkontroll og diskriminering bør vera lettare tilgjengeleg i framtidige årsmeldingar.
- Årsmeldinga må vera klar innan den nasjonale fristen som er 31. mars.
- Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.
- Ut over det som nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka samt revisjonsmeldinga av 25.04.2017 og revisjonsrapport nr. 20 dagsett 26.04.2017, har kontrollutvalet ikkje merknader til Stord kommune sin årsrekneskap for 2016.

I kontrollutvalsmøtet stilte utvalet ma. spørsmål kring det at kommunen har relativt stor langsiktig gjeld. Rådmannen opplyste om at handlingsregel om gjeldstak er til vurdering.

Det vart det gjort slikt vedtak:

*«Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap for 2016.»*

## **9 Skatteoppkrevjarfunksjonen**

Kontrollutvalet handsama årsrapport for 2016 og kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stord kommune i sitt møte 04.04.17.

Det er gledeleg at skatteoppkrevjaren også dette året oppnådde resultatkravet på 5% arbeidsgjevarkontrollar ift. tal arbeidsgjevarar i kommunen.

Skatteoppkrevjarkontoret fekk god tilbakemelding i kontrollrapport frå Skatteetaten for 2016.

Kontrollutvalet gav slik uttale:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Stord kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Stord kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2016 vert teke til orientering og oversendt kommunestyret til orientering

## **10 Eksterne tilsyn.**

Det er også eksterne instansar som har tilsyn med kommunane. I 2017 var det bl.a. slike tilsyn med Stord kommune:

- Fylkesmannen - tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester – Utviklingshemma.
- Fylkesmannen – inspeksjonsrapport 2017 – forsøpling.
- Mattilsynet – tilsyn ved Knutsåsen omsorgssenter.

## **11 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2017**

- Stord kommune sin praksis vedrørande førebels svar.
- Budsjettbrev frå Fylkesmannen i Hordaland
- Rekneskapsrapport for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2016
- Budsjettstode for kontrollutvalet sitt budsjett for 2017

- Forslag til budsjett for kontroll og tilsyn i Stord kommune for 2018
- Årsmelding 2016 for kontrollutvalet
- Melding om budsjettrevisjonar og tertialrapportar

## **12 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Stord kommune er medlem i FKT. Kontrollutvalet sin leiar, Fredrik Litleskare, deltok på FKT sin fagkonferanse med årsmøte i Tromsø, 7.-8. juni 2017. Han gav og ei grundig orientering for utvalet i etterkant.

## **13 Opplæring**

